

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Sandane Næringshage, Gloppen  
**Dato:** 16.03.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Leder	
Jan Henrik Nygård	Medlem	
Marius Strømmen	Nestleder	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Sande	MEDL	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/2018	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 1/2018	Orienteringssaker		
ST 3/2018	Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidlar for 2018		2017/3852
ST 4/2018	Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritere arbeidsoppgåver i 2018		2018/943
ST 5/2018	Eventuelt		

## **ST 1/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Vedtak**

Tillegg til sakliste under Eventuelt (sendt ut til styremedlemmene før møtet):

- Høyringsfråsegn til Ekspertutvalet (Hagenutvalet) sin rapport

Med det tillegget vart innkalling og sakliste godkjent.

## **ST 2/2018 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

### **Vedtak**

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert.

## **RS 1/2018 Orienteringssaker**

### **Møteplan:**

1/2018:	16.3
2/2018:	28.5
3/2018:	17.9
4/2018:	21.8

Møteplanen bygger møteplanar i kommunane og fylkeskommunen, jobbturuser og tilbakemeldingar på Doodle. Vi finn ikkje datoar som passar for alle kvar gong, men har gjort det beste ut av det.

### **Driftsmidlar:**

Ålfotbreen verneområdestyre har fått tildelt kr 80.000,- til drift av styret i 2018. Det er same som tildelinga i 2017

## ST 3/2018 Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2018

Arkivsaksnr: 2017/3852-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 05.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/2018	16.03.2018

### Vedtak

Ålfotbreen verneområdestyre held fast på dei prioriteringar og summar som dei sette opp på styremøte 3/2017, med unntak av tiltak nr 3 Skilt. Dette tiltaket skal ein vente med, jamfør tilbakemelding frå Miljødirektoratet.

Verneområdeforvaltaren kan ved behov flytte midlar mellom dei ulike tiltaka innanfor tildelt ramme, i samråd med styreleiar.

## Saksopplysningar

Ålfotbreen verneområdestyre har fått tildelt kr 320.000,- i tiltaksmidlar for 2018.

Midlane skal prioriterast og brukast i tråd med den bestillinga som verneområdestyret vedtok på møte 3/2018. Den såg slik ut:

Pri	Tiltak	Skildring	Sum
1	Hope-Lavesteinen	Utbetne stien frå Skogsvegen i Hope og opp til Lavesteinen. Legge om og merke delar av stien og bygge grøfter og stikkrenner på langs delar av strekninga.	250 000
2	Grus Hope - Nakkane	Gruse opp vegen frå Hope og opp til parkeringsplassen på Nakkane, i samarbeid med andre aktørar	40 000
3	Skilt	Sette opp informasjonsskilt om Ålfotbreen LVO i knutepunkt der folk ferdast. Skilta skal vere i tråd med besøksstrategi, ny merkevarestrategi og malane i merkevarestrategien.	100 000
4	Bytte ut stige ved Blåbrebu	Bytte ut ein dårleg/øydelt trestige på ruta frå Blåbrebu til breen. Gjere ferdig tiltak som vart byrja på i 2017. Kostnadar kan bli noko høgare enn det som var stipulert i 2017 grunna transportkostnadar (helikopter).	20 000
5	Rydde stien til hylle 7	Rydde stien som går frå vegen i Førdedalen og til hylle 7.	10 000
		<b>Sum</b>	<b>420 000</b>

Som de kan sjå i tildelinga (sjå vedlegg) so ber Miljødirektoratet om at ein avventar med tiltak nr 3 Informasjonsskilt. Her vil det vere mogeleg å søkje om supplerande midlar seinare når besøksstrategien er fagleg godkjent.

### Handsaming i møtet

Utanom tiltak nr 3. so er tildelinga dekkande i høve til bestillinga. Styret kan likevel vurdere om det bør gjerast justeringar i fordelinga eller prioriteringa.

Styret bør og vurdere om det skal leggest føringar for eventuelle justeringar om omprioritering undervegs i året.

## ST 4/2018 Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritere arbeidsoppgåver i 2018

Arkivsaksnr: 2018/943-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/2018	16.03.2018

### Vedtak

Prioritering av verneområdeforvaltar sine arbeidsoppgåver for Ålfotbreen i 2018:

1. Sekretariat for verneområdestyret og Fagleg Rådgjevande utval
2. Sakshandsaming
3. Gjennomføring av tiltak (bestillingsdialogen)
4. Besøksstrategi
5. Kommunikasjon og informasjonsarbeid
6. Utreie moglegheitene for geologisk turisme. Temaet skal opp som styresak på møtet i september.

### Innstilling frå forvaltar

Vi er i starten av eit nytt år og styret kan gjerne diskutere litt kva arbeid som bør prioriterast i 2018. Styret er fagleg overordna forvaltaren og disponerer i utgangspunktet forvaltaren si arbeidstid.

Det er nokre ting som ligg fast. Sakshandsaming og sekretariatfunksjon må prioriterast slik at dette fungerer i tråd med forvaltningslova og intensjonen med lokal forvaltning. Ein må og ha i mente at forvaltaren jobbar for to verneområdestyre.

Det kan og vere lurt å minne om at Fylkesmannen (som er arbeidsgjevar for forvaltaren) er inne i ein prosess med samanslåing av embeta i Sogn og Fjordane og Hordaland. Dette vil og ta noko tid no i 2018.

### Framlegg til prioritering av arbeidsoppgåver for Ålfotbreen:

1. Sekretariat for verneområdestyret og Fagleg Rådgevande utval
2. Sakshandsaming
3. Gjennomføring av tiltak (bestillingsdialogen)
4. Besøksstrategi
5. Kommunikasjon og informasjonsarbeid

Styret står fritt til å endre prioritering, ta ut eller legge til arbeidsoppgåver.

### **ST 5/2018 Eventuelt**

- a. Høyring om innføring av overtredelsesgebyr

Ålfotbreen verneområdestyre stiller seg positiv til innføring av overtredelsesgebyr som sanksjonsmogelegheit i naturmangfaldlova.

Forvaltar sender inn høyringsfråsegn på vegner av verneområdestyret

- b. Verneområdestyret diskuterte Ekspertutvalet sin rapport og dei forslag om flytting av oppgåver som ligg der. Særleg forslaget om å flytte forvaltarane og administreringa av lokal forvaltning frå Fylkesmannen til fylkeskommunane/regionane vart fokusert på.

Forvaltar skriv framlegg til høyringsfråsegn som vert godkjent av styret på e-post.